


# Turstiar i Hjelmeland

www.hjelmeland.kommune.no



HJELMELAND  
KOMMUNE  
KULTURKONTORET



**P** Parkering

**i** Informasjonsskilt

**★** Utkikspunkt

## Håvehammar

Håvehammar på Jøsneset er ein gammal samlingsstad i utmarka på Foss. Bygdafolket har feira jonsok med bål her sidan 1920-talet. Her er vidt utsyn over Foss-grenda og fjordbassenget. Turen kan og vera utgangspunkt for langtur til Gunlanuten, den høgaste toppen på Jøsneset.

Køyr bygdavegen frå ferjekaien på Nesvik mot Knutsvik. Bilen kan parkerast ved branngarasjen attmed barneskulen. Gå vidare langs bygdavegen vestover og ta av mot Åsland. Etter nokre svingar kjem du til ein opplagsplass for ved. Her følgjer du den bratte Skiftunskogvegen gjennom skogbruksterreng, og vidare sti til Håvehammar (270 m.o.h.).

Aust for Håvehammar finn du eit anna landskap. Her er kulturbeite, fornminne og aktivt jordbruk. I bakkane ned mot Foss er det fleire røysar frå jernalderen, og steingardar frå nyare tid. Hasselkrattet, som er teikn på eit rikt jordsmonn, tek over der beitedyra ikkje klarer å halda det nede. Uroa ikkje beitedyra der du går!

Vil du på langtur til Skiftunstøl eller Gunlanuten, følgjer du stien vidare forbi Fossfossen. Jøsneset har eige turstikart. Dette kan du finna på [www.josneset.no](http://www.josneset.no).

På Foss er det kome nytt kraftverk, men du kan framleis sjå restane av det gamle kraftverket ved Fossfossen som forsynte Skiftunbygda med straum.

Frå gardstuna på Foss følgjer du bygdevegen attende til skulen. Husdyrhald og fruktdyrking er dei viktigaste næringsgreinene til jordbruket i bygda, noko landskapet ber preg av.

Rundløypa om Håvehammar tek om lag to timar. Høgdeskilnaden er 250 meter.



Mykje av turen går på skogsvegar.  
(Foto: Svanhild Hjorteland Gbada)



Utsikt frå Håvehammar.  
(Foto: Svanhild Hjorteland Gbada)



Gardstun.  
(Foto: Svanhild Hjorteland Gbada)



Kvitveisen blømer i skogen.  
(Foto: Svanhild Hjorteland Gbada)